

Se bl.a. s. 317-318

Skodvin: Norsk historie

1939 - 1945

Ettertanke

100936

ALFA BIBLIOTEK
DOK. NR.: 365, 24, 30

3 utg.

0

1990

1991?

Litteraturen om norsk historie under krig og okkupasjon er så innholdsrik at ingen maktar å gjera seg kjend med alt som er sagt og skrive om emnet. Endå meir uoverkomeleg ville det vera å setja seg fullstendig inn i alle dei spørsmål som det har stått og står strid om, dei argument som vert framførde, og det grunnlag dei måtte kvila på. I ei allmenn oversyn som denne må både lesar og forfattar ofte nøya seg med få liner om punkt som det kunne skrivast bøker om, for ikkje å snakka om dei mange spørsmål som det alt finst bindsterke framstillingar av.

Dette kjem stundom uvanleg klårt fram fordi dei sterke motsetningane under okkupasjonen ofte kling med i framstillingane av omstridde spørsmål seinare. Det er uvanleg mange «vert-i-mot»-syn på hovudspørsmål innanfor dette området, stundom så sterke at dei stengjer for vanleg meningsutbyte, og diskusjonen går i skorfeste. Den eine parten kviler medan den andre talar, og seier deretter det same om att. I mellomtida har den andre parten kvilt ut, og kan repetera sine fastlåste tolkingar.

Grunnleggjande motsetningar kan ikkje retusjerast bort. For eller mot nasjonalsosialisme også i vårt land – det var ei kløyving som sette sine merke, store eller små, på dei aller fleste i den tid det stod på, den djupe kløyving som skuva nyansane i bakgrunnen på begge sider. Kor klårt dette eventuelt fargar historietolkingane etterpå, er eit historiemetodisk og yrkesetisk spørsmål av første rang, og det er alltid ein fare for at ein kan koma til å krevja meir av andre enn av seg sjølv, i så måte. Forfattaren har gjort sitt beste for å halda seg dette for auga.

Eit knapt oversynsverk kan ikkje minst tena som ei innbyding til å lesa meir og arbeida vidare. Kanskje vil dette etterarbeidet

falla lettare med utgangspunkt i ei kort oppsummering av nokre sentrale tema, ei opprekning i tilnærma telegramstil av omstridde spørsmål, av ulike tolkingar, og av den tankegang som er lagd til grunn i denne boka. Det seier seg sjølv at utvalet må verta temmeleg hardhendt, og somme vil kanskje finna det vilkårleg. Difor sluttar denne framstillinga ikkje med ein «fasit», ikkje eingong ein konklusjon, berre eit tilbod til lesaren om å gå vidare sjølv. Men det vil vera tydeleg for alle at forfattaren har klåre tolkingar i mange omstridde spørsmål, på bakgrunn av den forskning som har vore tilgjengeleg. Litteraturlista og notane viser til andre og ulike tolkingar på ei rekkje punkt der ulike syn har kome fram. Det er likevel rimeleg at lesaren får ei knapp oppsummering av grunnlaget for dei synspunkt som kjem fram i denne boka.

Det viktigaste er at norsk historie, her som så ofte elles, er internasjonal historie, slik den artar seg i vårt eige land, i møtet med våre særmerke og vår eigenart. Dei fleste av oss har vakse opp med timeplanar der verdshistorie og norsk historie hadde kvar sine ruter, og skiljet lever ofte vidare i vårt syn på omverda. Så skjer det at verdshistoria ei kort tid rasar inn over oss. Landet vert ei brikke i stormaktsspelet, fire makters storstrategi peikar beinveges mot oss. Ein verdskrig fargar våre liv frå dag til dag. Vår statsform, vår samfunnsskipnad, vår økonomi, våre politiske tradisjonar og tankemønster, vårt politiske sjølvstende, stutt sagt vanlege norske syn på korleis livet i dette landet og vårt tilhøve til andre land bør arta seg, kjem etter kvart i største fare, og med okkupasjonen i full omstøyping.

Drivkreftene i denne utviklinga låg utanfor landegrensene, og har sin bakgrunn i tankegangar og vurderingar som på den tid var lite kjende, både her heime og langt på veg ute med. No har mange slør falle bort, og vi kan lettare sjå oss sjølv utanfrå, frå maktposisjonane, der vårt land berre var ein bonde på sjakkbrettet, eit objekt i strategisk tankegang, krigsplanlegging og krigføring.

Det skal her gjerast ved ei nærare drøfting av nokre emne knytte til nøytralitetsvinteren, dei tyske motiva for okkupasjonen, den usikre sommaren 1940, Quisling og Terbovens posisjonar og strategiar, og kva rolle organisasjonssamfunnet kom til å spela.

Vellukka nøytralitetspolitikk?

Nøytralitetsvinteren, september 1939 til april 1940, har gitt stoff til ei rekkje historiske tvistemål. Reint allment er hovudspørsmålet: Var norsk nøytralitetspolitikk vellukka? Sjølv sagt ikkje, sidan det ikkje lukkast å halda landet utanfor krigen. Men var den truverdig, som det heiter med eit etterkrigsord? Var den skikka til å gjera det klart at Noreg ynskte å følgja dei normer og sedvaner som på den tid vanleg gjekk inn under samleordet «nøytralitet»? Ja, dersom ein med nøytralitetspolitikk meiner ein politikk som først og fremst legg vekt på å opptre i samsvar med folkeretten. Men det finst òg ei rakt motsett tolking: at norsk nøytralitet var tydeleg engelskvenleg, dels kamuflert, dels hemningslaust synleg.

I den samanhengen er det særleg tre emne som har skapt usemje: den britisk-norske tonnasjeavtalen, Altmark-saka, og spørsmålet om regjeringa i realiteten hadde «valt side».

Mot tonnasjeavtalen kan det hevdast at ein knapt kunne gjera britane ei større teneste enn å skaffa dei skip. Skulle ein vera verkeleg upartisk, måtte ein gjera den andre parten tilsvarende tenester, og det vart ikkje gjort. Bortsett frå dette vert det hevda at avtalen heller ikkje kan forsvarast ut frå reint egoistiske norske interesser, at britane fekk avtalen utan å yta tilsvarende motpresasjon, at regjeringa altfor lett vint spela bort sitt sterkaste kort.

Når det gjeld Altmark-saka, hevdar dei kritiske vurderingane at i Jøssingfjorden skulle dei norske orlogsskipa ha brukt våpen mot «Cossack». Når dei ikkje gjorde det, var det så innlysande unøytralt at mange hevdar dette var det punktet der Hitler avgjorde at han måtte gå til invasjon. Både tonnasjeavtalen og Altmark-saka flettar seg dermed saman med den lange striden om storstrategien, om alliert og tysk syn på norsk nøytralitet, og tanken om invasjonen som tysk sjølvforsvar. Det er eit spørsmål som må drøftast for seg.

Ser ein dei to punkta meir isolert, går motargumenta slik: Tyskland hadde aldri bruk for norsk tonnasje. Det var overflod av ledige tyske skip som låg innestengde i hamnene. Difor var det utan vidare umogleg å yta same slag norske tenester til Tyskland som til vestmaktene på dette området. Alternativet til tonnasjeav-

talen måtte difor vera å leggja storparten av skipsfarten død, med dei konsekvensar det ville ha for norske tilførsler, sysselsetjing og økonomi i det heile.

Når det gjeld tonnasjeavtalen som norsk politisk verkemiddel, er det på det reine at britane klagar sterkt over norsk trenering, og ikkje utan grunn. Klagene galdt norske skip som ikkje kunne stillast til disposisjon før dei vart ledige. Med dei mange slag charteravtalar som var i kraft, fall det då til dels lett å finna prutingsmonn frå norsk side.

I handelspolitikken meir allment var retningslina å halda oppe normal samhandel, medrekna den krigsviktige malmtilførsla til Tyskland over Narvik, med 1938 som normalår. Dette kunne i hovudsak gjennomførast, trass hard britisk motstand i lang tid.

Like eins måtte ein sikra gjennomgang over norsk sjøterritorium også av krigsskip, innanfor vanlege folkerettslege reglar. Dette måtte landet gjera etter evne, vel vitande at når det kom til maktprøver, var begge dei krigsførande partane fullstendig overlegne. Den nøytrale hadde ikkje plikt til meiningslause offer, til ein politikk over evne, som ville kosta store tap utan vinning.

Dette spørsmålet om «makt mot overmakt» var også kjernen i Altmark-saka. I dette tilfellet følgde den norske politikken retningsliner som gjekk attende til forarbeidet for Haag-konvensjonane og tidlegare praksis. Meir presist uttrykt: I Jøssingfjorden kunne den norske eskorten, skip og mannskap, vorte ofra til siste rest, utan ringaste innverknad på utfallet. Dette spørsmålet var gjennomtenkt og gjennomdrøfta lenge før krigen, ikkje minst i diskusjonen om eit «vaktvern» tidleg på 30-talet.

Om norsk beredskap før 9. april er det stort sett semje på to hovudpunkt: at forsyningssituasjonen var god, og vel førebudd, og at den militære motstandsevna var mildt sagt dårleg. Striden står om kven som skal bera ansvaret for at forsvaret var i såpass skrøpeleg stand. Det ordskiftet har ofte arta seg som eit partipolitisk oppgjær. Høgre står fram som det forsvarsvenlege partiet, Arbeidarpartiet som «det brukne geværs» tradisjonsberar, og Venstre – med Mowinkel i brodden – som medhjelpar for avvæpnarane.

Dette byggjer på den klare skilnaden som kom til syne i stor-

tingsdebattar om forsvarsbudsjetta, i valstrid og politisk polemikk i det heile. Forsvarsordninga frå 1933 var ein minimumsplan, men ikkje eingong den vart gjennomført. Den andre sida hevdar at det gjekk for seg eit klårt omslag frå den tid då Arbeidarpartiet fekk regjeringsmakt, både med løyvingar og med arbeidet for å demokratisera forsvaret – det vart sett som ei nasjonal sak, ikkje som ein reiskap i indre motsetningar. Eit tredje standpunkt er at ingen av partane kom opp mot det som eit verkeleg eksistensforsvar ville krevja, og at dette vel knapt var politisk eller økonomisk mogleg på den tid.

Skulle ein opprustingspolitikk, eventuelt etter påtrykk frå «fortutseende utenriksledelse», ha gitt brukelege resultat før invasjonen, måtte arbeidet ha teke til straks i 1933. Ansvar for at dette ikkje skjedde, kviler på alle politiske instansar, i siste instans på veljarane med.

Tysk sjølvforsvar eller aggresjon?

Ved sida av dette indrepolitiske oppgjeret ruvar den storstrategiske diskusjonen mest. Den har òg ofte fått form av ein enkel skuld-diskusjon, alt etter som tendensen er å gjera Tyskland eller vestmaktene til krigsfare nummer ein. Striden toppar seg gjerne i ulike syn på dagane nærast før invasjonen. Var den eit tysk sjølvforsvar mot eit britisk overfall som alt var i gang? Eller var «Weserübung» diktert av tyske storstrategiske interesser? Dette heng uløyeleg saman med spørsmålet om alliert hjelp til Finland. Opplysningar som no er tilgjengelege, viser aggressive planar på begge sider. Også i dette spørsmålet er det rom for meir nyanserte tolkingar.

Denne boka legg vekt på storstrategiske nyttevurderingar på begge sider. Tyske marinefolk hadde lenge vore opptekne av dei store føremoner det innestengde Tyskland kunne oppnå med basar på norskekysten, mogleg også på den sovjetiske ishavskysten. Denne tanken kom sterkt i framgrunnen då det frå 1937/38 vart sannsynleg at Storbritannia ville verta ein hovudmotstandar i ein ny storkrig. Hitler var innstilt på å føra hovudslaget mot Frankrike som ein land- og lynkrig.

Men frå tidleg i oktober 1939 måtte han tenkja seg ein alternativ strategi. Om krigen drog i langdrag, skulle fly og ubåtar vera hovudvåpen. Særleg for ubåtane ville norske basar vera verdfulle, og for heile marinen ville vegen til alle hav, og dermed handelskrigen, ha mykje betre utgangspunkt. Dermed vann marinen etter kvart fram med sine gamle ynskemål, og frå midten av desember gjekk førebuingane sin jamne gang utan avbrot eller nedtrapping. I første halvpart av februar var planane for eit strategisk overfall i store drag utforma, i samsvar med den lynkrigs-tankegangen som var eit grunndrag i Hitlers planlegging.

På den allierte sida var tankegangen tvert imot at berre ein lang krig kunne berga vestmaktene. Dei måtte overleva eit år eller to, så dei kunne samla krefter til sluttoppgjeret. I mellomtida ynskte Frankrike å vera i forsvarsposisjon, slik at dei tyske hærane skulle slitast opp i åtak på franske forsvarsanlegg, først og fremst Maginotlina («la guerre de longue durée»). Storbritannia hadde berre ein einaste nemneverdig styrke å setja inn, nemleg flåten. Overfor ei landmakt som Tyskland kunne den mest effektivt brukast til blokade, som i første verdskrigen. I ventetida skulle britiske ekspedisjonskorps byggjast opp, først og fremst for å overførast til Frankrike og styrkja forsvarsfronten der.

Den franske fronten, handelskrig og blokade var dei tre hovudtema når den skandinaviske halvøya i det heile vart omtala i fransk-britiske strategidrøftingar før krigsutbrotet. På dei to siste punkta kom også dei nordiske landa inn i perspektivet, ut frå same synspunkt som i den første verdskrigen. Dei allierte måtte sjølv kjøpa strategisk viktige varer, og pressa på for å hindra at slike varer vart selde til Tyskland.

Ei vare kom til å spela reint spesiell rolle: den svenske malmen som vart eksportert over Narvik. Kunne denne trafikken hindrast? På dette punktet var Winston Churchill den store aktivisten like etter krigsutbrotet. Han tok til orde for fleire slag dramatiske tiltak: minelegging heilt inn til norskekysten, raids inn i skipsleia, politisk press på den norske regjeringa. Han møtte stort sett motbør i krigskabinetet.

Var malmtilførsel over Narvik ein avgjerande grunn til å setja i verk «Weserübung»?

I tysk propaganda heitte det at det var stendig fare for britiske inngrep mot tyske malmtransportar i norsk sjøterritorium – norske stridskrefter makta ikkje (eller ville ikkje?) hindra dette. Altså måtte Tyskland ta kontrollen sjølv. Denne forklaringa gir ikkje svar, den reiser nye spørsmål. For når Tyskland okkuperte landet, var skipsleia ikkje lenger nøytralt område, men krigsskodesplass, og då låg kysten open for handelskrig. Dette var sjølv sagt den tyske sjøkrigsleiinga fullt klår over. Likevel var det marinen som dreiv okkupasjonsplanen fram. Kva rolle spela så malmen i den samanheng? Det forstår vi betre når vi ser oss sjølv utanfrå.

Sett frå Tyskland såg det slik ut: Frå det verdfulle minefeltet i Nord-Skandinavia førde to transportveggar mot sør: ein gjennom Sverige og Austersjøen, ein over Narvik og gjennom den norske skipsleia. I 1939 var dei begge utrygge, i den meining at tysk makt ikkje kunne kontrollera dei.

Den tyske marinen var ingen stor maktfaktor. Dei fleste store skipa var enno ikkje stridsbudde, somme trong enno to års byggetid. Berre ei tylt ubåtar var skikka til lange operasjonar i vanskeleg hav. Sovjet-flåten kunne hamla opp med Kriegsmarine åleine, Polen, Finland og ikkje minst Sverige hadde flåtestyrkar som i høg grad måtte reknast med. Dei tyske sjøstrategane ottast at om krigen kom før utbyggingsprogrammet var fullført, ville dei knapt kunna verna malmskipa mot sovjetåtak. Desse problema kom opp til studium og drøfting tidleg i 1938, og resultatet er nedfelt i ein samanfattande studie frå juni det året. Konklusjonen var eintydig: Marinen kunne ikkje tryggja malmtilførslene frå Luleå, det vere seg med eller utan minefelt.

Formålet med å ta Narvik var å sikra seg monopol over svenskmalmen. Med Narvik på tyske hender måtte så godt som all svensk malmeksport gå over Austersjøen, og med Hitler-Stalin-pakta i august 1939 var denne ferdseisvegen brått tryggare. Randstatane og Finland var utleverte til Sovjetunionen, som Hitler hadde pakt med. Då så Polen vart knust, stod Sverige att som einaste verkelege rival i baltiske farvatn. Ved å ta Narvik kunne Tyskland redusera svensk handlefridom så grundig at også denne faren fall bort. Det synte seg då òg at i året etter invasjonen fekk Tyskland meir svensk malm enn noko år tidlegare.

Tyskland kunne trengja Narvik, ikkje for å sikra malmtrafikk gjennom norsk sjøterritorium, men for å få monopol på svensk malm gjennom Austersjøen. Litt tilspissa kan ein hevda at Tyskland okkuperte Danmark for å sikra effektiv okkupasjon av Noreg, og gjekk så langt nord som til Narvik for å ha kniven på Sveriges strupe.

Stormaktstrategien – likskap og skilnad

Den viktigaste skilnaden mellom tysk og alliert Skandinavia-politikk ligg i avgjerdsprosessen. I Tyskland vart Hitlers vilje utført og førebuingane var hemmelege. Hå vestmaktene var emnet sentralt i politisk og offentleg debatt. På tysk side var det ingen politiske diskusjonar omkring planlegginga, og ingen forsøk på politiske løysingar i det heile. Strategisk overfall var den einaste gjennomtenkte framgangsmåten for å vareta tyske interesser i Noreg.

Militære planleggingar fekk først politisk realitet når regjeringane gav pålegg om å utføra dei. Den lange rekkja av militære analysar og utgreiningar i Storbritannia frå tida fram til Finlandsfreden syner korleis Skandinavia-ekspedisjonen kunne utførast dersom regjeringa gav pålegg om det («contingency plans»). Regjeringsprotokollane syner at denne politiske avgjerda aldri kom, og at den store forvirringa kulminerte i mars 1940.

Inn under jul 1939 endra situasjonen seg dramatisk også på den allierte sida, då det synte seg at finnane stod mot det sovjetiske overfallet og jamvel hadde utruleg framgang i forsvarskrigen. Dette førde til viktige omslag. Fransk krigspolitikk vende seg med kraft mot nord, og ei kraftig bølge av sympati for Finland gjorde seg gjeldande, ikkje berre på vestmaktsida. Strategiske, ideologiske og kjenslesterke motiv spela inn på mangfaldige måtar i dei tankegangar som no kom til å forma krigspolitikk og krigføring.

Også denne innflokke hendingsgangen er ofte emne for ein diskusjon som samlar seg om sterkt polemiske ytterstandpunkt. Dei mest markerte kan kort oppsummerast slik: Hjelp til Finland var berre eit påskot, eit politisk hykleri, for å dra Sverige og Noreg

inn i krigen på alliert side og sikra fransk-britisk kontroll over malmkjeldene. Eller tvert imot: Det var gode grunnar – og ein sterk folkevilje – for å hjelpa finnane. Det minste grannelanda kunne gjera, var å la hjelpa koma fram.

Begge synsmåtane er enkle og ein-sidede. Det var mange slag siktemål og vurderingar både i politikk og opinion, og mange slag mellomstandpunkt. Spørsmålet hadde mellom anna ei reint praktisk side. Det var uråd å koma fram til Finland med effektiv og sterk støtte i menneskap og materiell utan å gå gjennom den skandinaviske halvøya – det eine kunne ikkje gjerast utan det andre.

Dette reiste heile spørsmålet om forholdet til SSSR. Hjelp til Finland kunne føra til krig med Sovjetunionen. Var det rådeleg å skaffa seg endå ei stormakt til motstandar, og kanskje beint fram driva Stalin i armene på Hitler? Churchill meinte nei. Han hadde ikkje tru på «den store planen», og tvila på at den kunne skaffa Finland hjelp i tide. Dei to tankegangane («minor» og «major» plan) konkurrerte med einannan frå midten av desember 1939 like til Finlands-freden, og leivningane av denne konflikten verka sterkt med til å skapa den store forvirringa i april dagane 1940. Då tanken om eit fransk-britisk ekspedisjonskorps vart knesett i februar 1940, gjekk Churchill – uventa stillferdig – med på det, med den klåre baktanken at dermed kunne ein i det minste skaffa seg eit foffeste langs eksportvegen for malmen frå Kiruna.

Politiske vurderingar spela sterkt med i den militære planlegginga som kom i gang frå 5. februar 1940. Dei britiske sivile og militære planleggjarane heldt heile tida fast på at ekspedisjonen ikkje kunne sendast utan i det minste passivt samtykke frå dei to skandinaviske landa, og prøvde fåfengt å oppnå det med politisk og anna press. Dette vart eit stort fransk-britisk stridsemne, i hovudsak med franskmennene som aktivistar og britane som bremse. Av desse og liknande grunnar vart den allierte Skandinavia-politikken vinglande og omskifteleg, ofte ugrei og famlante, og kulminerte i uryddige hastverkstiltak i april dagane.

Denne tolkinga er lagd til grunn her. Det vil seia at framstillinga forkastar tanken om ein ubrotten, jamt stigande britisk vilje til invasjon av norsk landterritorium, og i staden finn ein serie att-og-

fram og stopp-og-gå-vinglingar, som til slutt enda i mislukka improvisasjonar.

Å sjå på den tyske invasjonen som eit sjølvforsvar for å koma ein britisk landgang i forkjøpet er ei tolking som er klårt avgrensa på fleire ulike måtar. Den gjer invasjonen til eit sideprodukt av Finlands-krigen, utan klår samanheng med store drag og lange liner i tysk strategi. Den gjer invasjonen til eit særtilfelle, til det eine punktet der ein har gjort Hitler urett, den aggresjonen han var tvinga til. Den dreg ofte store konklusjonar på grunnlag av einskilde episodar, til dømes Altmark-saka eller Quislings samtalar i Berlin desember 1939.

Om ein tek til frå den andre enden, med allmenne tyske strategiske tankegangar og generelle krigsmål, for så å spørja korleis norske mål kom inn i dette biletet, talar ei rekkje vektige grunnar mot denne tolkinga.

Tyske marinekrinsar hadde i lang tid peika på kor stor verdi norske basar ville ha i ein krig. Marinen hadde lenge interessert seg for norske farvatn. Kor mykje ein strategisk baktanke kan ha spela med i den wilhelmske Norden-romantikk som førde keisaren sjølv til vestlandsfjordane i åra nærast før 1914, kan ein rett nok berre spekulera over. Admiral Paul Wegeners studie frå 1929 la stor vekt på at Tyskland med basar på norskekysten kunne ha hatt avgjerande føremonar i sjøkrigen 1914-18. Dette er ofte tolka som prov for langvarig og systematisk planlegging innan marinen. Men då ser ein bort frå at Wegeners analyse gjeld ein sjøkrig med Storbritannia som motpart, og det tenkte ikkje dei tyske marinefolka på då den nye opprustinga skaut fart i 1935. Dei trudde heller at den tysk-britiske flåteavtalen same året skulle tryggja freden på den kanten til det store flåteprogrammet (Z-planen) var fullført. Den fransk-britiske tilnærminga i åra etterpå skapte tvil hjå somme, men først i 1938 tok den verkelege uroa til. I mai det året sa Hitler rett ut at England måtte reknast med som motstandar.

Eit planleggingsutval fekk i oppdrag å gi retningsliner for utbygging med tanke på krig med England. Dette utløyste ei lang rad tyske utgreiingar, krigsspel og stabsøvingar som understreka at i så fall var det avgjerande å opna vegen til Atlanterhavet. Til

dette hevda mange at det trongst herredøme over danske og ikkje minst norske basar. Frå Danmark kunne ein kontrollera Skagerak, men frå den norske vestkysten kunne ein hindra britisk blokade-sperring Shetland-Bergen. Admiral Karl Witzell tenkte seg eit støttepunkt i Bergen, med okkupasjon av området Sognefjord-Hardangerfjord.

Planutvalet konkluderte mellom anna med at det ville vera verdfullt å skaffa seg støttepunkt utanfor eller i flanken på den britiske blokadelina, dvs ved eller nord for lina Shetland-Bergen. Men utgreiinga nemnde også eit alternativ: den franske kanalkysten med Brest.

Det store krigsspelet 1938-39 syner korleis desse alternativa konkurrerte med einannan. Det var stort sett semje om at norske basar ville vera verdfulle, særleg dersom dei låg nord for Midt-Vestlandet. Innvinginga var at til ein slik operasjon måtte Tyskland bruka alle sine politiske og militære maktmiddel. Marinen kunne ikkje greia det åleine, og kunne difor heller ikkje planleggja det åleine. Slike tvilsmål var heile tida til stades i marineleiinga, men storadmiral Raeder knesette tanken om norske basar som eit sjøstrategisk hovudmål, og var hovudkrafta i arbeidet for å få dette innarbeidd i den samla krigsplanlegginga, med andre ord å få Hitler med på det. Han fekk god støtte frå ubåtsjefen, admiral Dönitz, for sidan krigen kom før flåten var ferdig utbygd, valde marinen å satsa mykje sterkare på ubåtar, og det var innlysande at dei kunne operera både lettare og meir økonomisk frå norske basar. Hitler var, sa stundom frittalande munnar i marinen, «ingen sjømann». Han tok sikte på å vinna krigen med eit topp moderne flyvåpen og ein motorisert hær som ingen kunne stå seg mot, og dette skulle skje med ein lynkrig mot Frankrike. Likevel tenkte han seg at krigen kunne koma til å dra i langdrag. For dette tilfellet måtte han ha ein reservestrategi.

Spørsmålet tvinga seg fram i første halvdel av oktober 1939. I den samanhengen kom òg Raeders norske planar opp til drøfting mellom Grossadmiral og Führer. I dei første dagane av månaden vart ubåtprogrammet og marineinnsatsen drøfta i fleire møte på høgt nivå, mellom anna i samband med Raeders plan om å snu opp ned på blokadeproblemet ved å blokkera England. Både

Raeder og Dönitz kom til at Narvik og Trondheim var best skikka til å tena dei tyske formåla.

I dei same dagane gjennomarbeidde Hitler planane for vidare krigføring, for det tilfellet at vestmaktene skulle avvise «fredstilbodet» i den store talen hans 6. oktober 1939 – som dei straks gjorde. Hovudbolken av det lange dokumentet handlar om det konsentrerte åtakket på vestfronten som skulle koma så snart meteorologane varsla godt flyge- og panservognver. Men så følgjer eit avsnitt om «Deutsche Möglichkeiten im Falle einer langen Kriegführung», og der har Raeder fått sine ynske innarbeidde: Enno hadde ikkje britane ressursar til å leggja ut Nordsjø-sperringa, men den ville koma, og alle støttepunkt som kunne skaffast utanfor den innestengde heimebasen, ville gjera ubåtvåpenet enormt mykje meir effektivt.

Tanken om dei norske basane fekk ny næring då det vart klart at Storbritannia ville verta motstandar frå første stund. Slike basar vart spesielt viktige då krigen kom før den tyske marineopprustinga var fullført, for då måtte ubåtane verta eit hovudvåpen, og norske støttepunkt var spesielt vel skikka for ubåtar. Marineleiinga understreka dette straks i september 1939. Hitler godtok det som alternativ strategi tidleg i oktober, i tilfelle av «langvarig krigføring», dvs. dersom vestoffensiven ikkje gav ein snøgg siger. Då vinteren sette inn, var dette på det reine, og i desember 1939 sette Hitler i gang førebuingane til invasjonen.

I tida som følgde, vart det meir og meir tydeleg at det gode vervarslet let venta på seg. Raeder nytta det eine høvet etter det andre til å minna om dei gode grunnar som etter hans meining tala for å gå mot nord, mot norske mål. Ved midten av desember syntest det ikkje lenger rimeleg at vestoffensiven, «Fall Gelb», kunne setjast i verk før vinteren. Den alternative strategien rykte tilsvarande nærare. I denne situasjonen var det at Hagelin gjennom gode kontaktar fekk introdusert Quisling. «Som eit vink frå himmelen!» sa Raeder. No hadde han fått endå eit argument, og han brukte det for alt det var verdt – eller langt meir enn det.

Hitler vart ikkje – som mange har trudd – «overtala» av Quisling til å ta Noreg. Han tok imot Quisling, introdusert av marinen og Rosenberg, fordi han alt var så langt inne på tanken at

det hadde si interesse å ta mål av korleis ein norsk major og tidlegare forsvarsminister kunne passa inn i planane. Det synt seg at han passa ikkje, og det strategiske overfallet vart prioritert, i januar 1940.

Då vinterkrigen slutta 13. mars 1940, kunne det ikkje talast om hjelp til Finland meir. Framstillinga framanfor legg vekt på at det britiske ekspedisjonskorpset vart oppløyst, hovudstyrken overført til Frankrike, og transportflåten fekk andre oppdrag. Dei tyske førebuingane heldt fram. Raeder rekna ikkje lenger med akutt fare for britisk landing, men 26. mars 1940 sette Hitler «Weser-Tag» til 8.-10. april.

I Frankrike var det ein sterk opinion for å slå til i Skandinavia også etter Finlands-freden. Men britane trenerte saka, og Frankrike enda i regjeringsskifte og regjeringsskifte. Først den 28. mars kunne det haldast alliert krigsråd. Det vart avgjort å ta opp att «minor plan» i halvt improvisert form, med minelegging i norsk farvatn (operasjon «Wilfred»).

Etter vidare fransk påtrykk vart det avgjort etterpå at ein liten militærstyrke skulle stå klar i påkomande tilfelle. Denne vart sett opp, halvt improvisert, etter ein plan frå januar 1940 (R.4.). Den 4. april avgjorde den britiske regjeringa at R.4. skulle utførast så snart det kom pålitelege meldingar om tyske tiltak mot Sverige eller Noreg.

Minelegginga («Wilfred») tok mellom anna sikte på å skapa ein situasjon der Noreg måtte velja side. Det britane ikkje visste, var at den tyske operasjonen alt var i gang. Medan britane venta på tydelege teikn på ein tysk pågang mot norske mål, var tyske transportskip alt på veg til Noreg.

Kvifor famling og forvirring?

Kva var så grunnane til at sommaren 1940 vart ein slik famlings- og forvirringsperiode? Framstillinga her legg vekt på den lange tida som trongst før ein kunne orientera seg politisk i den nye situasjonen, og kor gjennomgripande omstillinga måtte vera. Dei aller fleste måtte vantrivast ved framandveldet, men var uvisse om

kva som var politisk formålstenleg eller mogleg. Mange faktorar spela inn. Rein apati, utmatting etter dei ekstraordinære påkjeningane gjorde seg gjeldande, men også ein motsett opinion – sterk, men enno famlande.

I den politiske utviklinga som førde fram til riksrådsforhandlingane, hadde dei norske aktørane store handikap. Dei var rotfeste i parlamentarisk tradisjon. For dei var det politisk barnelærdom at forhandlingar hadde til formål å nå eit resultat som låg ein stad mellom ytterstandpunkta. Difor let dei seg dra inn i forhandlingar som frå tysk side berre var ei langsam form for diktat, taktisk både klokare og meir effektiv enn eit reint ultimatum.

Den einaste styrke nordmennene hadde i ryggen, var ei aukande folkeopinionsbølge, men den var enno uklår, uartikulert og lite målretta, og det skulle uvanleg fantasi til for å sjå kva den kunne veksa opp til. Framfor alt var forhandlarane rådville. Kva hadde eit land å forsvara seg med når det ikkje hadde eit forsvar? For gamle forsvarsvenner som Christensen og Lykke var riksrådsforhandlingane ikkje eit defaitistisk knefall for makthavaren, men ei tung bør å bera for dei som stod på uriaspostane. Motstandsstrategi og taktikk, undergrunnsarbeid, sivil ulydnad, partisanverksemd – alt dette var hinsides den politiske røyndom for dei aller fleste, og kunne berre langsamt veksa fram. Felttoget var tapt, kanskje også storkrigen.

Riksrådsforhandlingane var den store sjansen okkupasjonsmakta hadde til å finna ein modus vivendi med dei norske okkuperte. Den vart forspilt av to hovudgrunnar. Der var ein stigande motstandsopinion som òg sette farge på tvilande stortingsmenn i striden på den siste skanse i september 1940. Og det kom eit tysk inngrep som tvinga Terboven til å la Quisling få eit slag politisk comeback, og dermed verka vidare til å mobilisera motstand, til å bremsa på glideflukta inn i kollaborasjonen. No vart det klårt kva veg skråplanet førde til: til nazifisering. Den 25. september 1940 vart det endeleg klare liner – slik tenkte mellom andre Gunnar Jahn.

Eit spørsmål om Quisling eller Terboven?

I tida vidare fram til forsommaren 1941 er det to hovudliner som peikar seg ut. Den eine gjeld Quislings og Nasjonal Samlings utvikling og politiske rolle. Den andre følgjer overgangen frå misnøye og demonstrasjon til organisatorisk utbygging og klårare målsetjing på motstandssida. Begge er her tolka som avgjerande viktige. I denne tida kom hovudlinene fram, som seinare skulle avspegla seg i mangfaldige situasjonar og samanhengar. I denne tida vart rammene lagde for det som skulle utspela seg seinare i større dimensjonar og med hardare tilgangar.

I den første tida etter 1945 var det vanleg å sjå «kampen mellom Terboven og Quisling» som eit hovudtema. Quisling sjølv såg det slik, og det heldt han fast på til siste slutt av sitt regime. Nyordninga 25. september 1940 kom av at han hadde vunne medhald i Berlin, ja hjå Hitler sjølv. Terboven hadde ikkje greidd å torpedera han politisk. Rett nok ville det enno ta ei tid før han kunne overta makta fullt ut. Dette prøvde Terboven systematisk å hindra. Quislings motmiddel var å søkja støtte i Berlin. Han gav aldri opp tanken på at om han berre kunne nå fram til Hitler med ei overtydande framstilling, så ville han få fullt medhald.

Denne tvikamp-teorien fall naturleg i den første etterkrigstida. Det var nok vanleg å sjå Quisling som ein tysk marionett, og partiet som ein reiskap for den nasjonalsosialistiske einsrettinga. Men det tok tid å få klårlagt kor maktlaus Quisling var overfor Reichskommissar, korleis han måtte nøya seg med politiske skodebrød og kosmetiske endringar, og aldri var i stand til å hevda seg mot den fullistendige overmakt som Terboven representerte. Denne gradvise omtolkinga får også konsekvensar for synet på nyordninga av 25. september.

Terboven var «oberste Reichsbehörde». Han stod direkte under Hitler sjølv, på same måten som ein Reichsminister i Riket, som Goebbels eller Ribbentrop, og han la stor vekt på at han åleine representerte det okkuperte norske området overfor Riket. Der- som andre tyske instansar eller personar i hans velde prøvde å gå sine egne vegar til Berlin, gjorde han kort prosess, jamvel med

Rosenbergs menn, eller sette dei på fiendelista, som Quislingstøttene i marinen.

Langt meir handfast kunne han risikofritt gå fram mot Quisling. For Terboven var den norske Fører stort sett berre bikkja i bakken. Ordninga med det kommissariske rådet var ikkje eit nederlag, berre ein komplikasjon. I staden for eit kvasilegalt glidefluktstyre fekk han eit kollaborasjonsorgan som han måtte og kunne ta kontroll over. Den skipnaden som kom i stand 25. september 1940 var ikkje ein Quisling-siger, men Terbovens alternative løysing. I juni hadde han truga med å setja inn direkte tysk styre i dei norske departementa, og han la fram liste over dei som i tilfelle skulle overta. No gjorde han det same, berre på den måten at hans folk førde overordna tilsyn med «dei kommissariske» i smått og stort, som dei snart fekk merka.

Likevel hadde Quisling fått ein posisjon som kunne gi han utgangspunkt for å samla større politisk kraft bak seg. Denne sjansen forspilte han på fleire måtar. Han avviste «den lange linje», den pragmatiske, konstruktive politikkk. Hadde han valt den, så måtte den nasjonalsosialistiske omveltinga verta eit fjernare mål, ei oppgåve på langt sikt, og ikkje ei dagleg utfordring som eggja til motstand. Det ville verta vanskelegare for motmennene å ropa «holdt og front», og tilhengjarane kunne med betre grunn hevda at det var både praktisk og nyttig å ha eit innfødd organ som var på talefot med okkupanten og først og fremst prøvde å bota på dei uunngåelege vanskar som melde seg frå dag til dag.

Quisling prøvde ikkje for alvor å gjera seg til talsmann for eit fleirtal av dei mange uvisse og rådvile – dei som i vanleg norsk politikkk ville vera flytande veljarar – og å vinna oppslutning på den måten. Han valde å be om autoritet som gåve eller som konsesjon frå okkupasjonsmakta. Fekk han det, meinte han at han ville verta allment godteken.

Hans viktigaste politiske sysselsetjing vinteren 1941-42 var ein serie petisjonar til Hitler. Praktiske vanskar, til dels av første rang, overlet han gjerne til dei kommissariske. Irgens vann fram med sin strid mot prisetakinga fordi han fann allierte utanfor partiet. Terboven såg styrken bak han, og sette ikkje saka på spissen. Quislings viktigaste reaksjon var at han synte misnøye med Irgens,

som truga med å søkja avskil og dermed mellom anna kunne få fasaden til å slå sprekkar, så partiet tapte ansikt.

For Quisling var «makt overtaking» eit råkande ord. Makt skulle overleverast, ikkje byggjast opp. Dette heng saman med hans syn på demokratiet, på «systempolitikken» i det heile. Den var ein rotenskap som måtte falla. For Quisling var samfunnsautoritet og dermed politisk førarskap eit slag kommandoforhold. Førarprinsippet hadde ikkje bruk for fleirtal for å slå igjennom, det var makt overtakinga som i tur og orden skulle disiplinera folk inn i eit fleirtal.

Då han tidleg på 30-talet enno arbeidde innanfor palamentarismen og forhandla med Bondepartiet og andre etablerte politiske grupper om samarbeid og samanslåing, syntest han å sjå det som eit slag overlevering av veljarar. Det kunne så å seia skje på kommando – den nye toppmannen steig fram for fronten og fekk sine politiske kompani overleverte av kapteinane. Dermed meinte han å ha føringa over dei. Men det er skilnad mellom å føra og å kommandera.

Dette var ein tankegang som i nokon mon kunne la seg høyra til dømes i Italia før Mussolini, der dei politiske partia langt på veg var fylkingar bak ein hovding. Her i landet var det politiske maktgrunnlaget av eit heilt anna slag. Det norske organisasjons-samfunnet såg seg sjølv som berarar av folkestyret, direkte etterkomarar av dei som hadde skapt det i si norske form. For Quisling var dei berre udisiplinerte bråkmakarar. Dei skulle ikkje vinnast, langt mindre kurtiserast eller inviterast til samarbeid. Dei skulle disiplineras, og tukkast – om det trongst.

Dette utvikla seg til den uløselege konflikt som han aldri kom ut av. Thomas Chr. Wyllers klassiske formulering er at «de frivillige sammenslutninger overtok de politiske roller», og gav den tidlege motstand både organisasjon og struktur. Det er ei utvikling som peikar langt framover. Korporatisme vart eit viktig studie-emne i norsk samfunnsforskning etter krigen, då ofte tolka som ei bremse for grasrot-demokratiet. Dette er eit yngre fenomen. I 1940/41 stod samskipnadene fram som vern for folkestyret, etter at dei konstitusjonelle styremaktene var raserte. Ved den politiske gjenreisinga i 1945, i første omgang utan organisert partiarbeid,

utan moderne meiningsmålingar eller ferske val, spela dei same rolle, som ein direkte veg til veljargrupper – så lenge det varde.

Men greidde då ikkje Quisling og partiet likevel å skaffa seg ein viss styrke? Medlemstalet auka fort i tida nærast etter september 1940. Det er nok både mogleg og sannsynleg at det var ein del eigennyttig medløperi med i spelet. Etter krigen har tidlegare NS-medlemmer vist diskresjon på dette punktet, og det er sjølvsgat respektabelt at ei pressa og isolert mindretalsgruppe kjenner seg bunden av indre solidaritet og trykket av felles vanlagnad. I okkupasjonstida tala dei gamle trufaste Quisling-tilhengjarane friare om slikt. Ikkje dess mindre var medlemstalet eit godt argument overfor tyskarane, og NS' statistiske kontor la stort arbeid i å stilla opp tabellar som skulle syna at partiet var like mannsterkt som NSDAP i Tyskland, på velvalde tidspunkt før makt overtakinga der – og utrekna etter den norske statistiske spesialitet: i forhold til folketallet.

«Gåten Quisling»

Forsvarsadvokaten i Quisling-saka, Henrik Bergh, hadde den vanskelege oppgåva å trengja inn i Quislings tankegang, klårleggja hans motiv og mål, syna korleis hans handlingar kunne framstilla ut frå Quislings eigne synspunkt og på hans premisser. Dette skulle gjerast med den samkjensle og innleving som alle har krav på når deira vandel skal vegast i rettens vektsskåler. Bergh gjorde det på ein måte som vekkjer respekt. Det var ikkje noko lett oppdrag i 1945. På vegen forma han uttrykket «gåten Quisling». Det lever vidare, saman med spørsmålet som ligg innbygt i det.

Kva var så det gåtefulle?

For dei fleste var det vel at eit slikt menneske, på mange måtar så rikt utstyrt, med mange vinnande menneskelege eigenskapar, ofte sky og var, stillfarande og spartansk i sitt privatliv, evnerik, med god utdanning og heilt uvanlege eksamensresultat, at han kunne koma til å stellå seg slik – eit menneske som vart til eit substantiv, det internasjonale uttrykket for ein svikar. Det kan nok synast gåtefullt.

Alle menneske er gåter, meir eller mindre, og ikkje minst for seg sjølv. Ingen kan brøyta seg gjennom den inste grind. Psykohistorie er eitt av dei faglege ny-ord i vår tid. I sine minst raffinerte former kan den te seg som eit slag psykologisk plangeometri – har du to vinklar, så kan du rekna ut den tredje. Det skal ikkje meir til enn å leggja trekanten over på ei kuleoverflate, så må metoden forbedrast. Men somme av «gåtene» kan ein prøva å koma nærare innpå.

Var Quisling til dømes ein habil polititar?

Svaret kjem vel mellom anna på kva krav ein stiller til ein polititar, eller meir presist: til hans evne til politisk skjønn og handling. Kor gløggsynt analyserer han den politiske røyndom han lever i? Kor rådsnar og iderik er han i sitt strev for å påverka denne røyndomen, mellom anna ved å velja medarbeidarar, middel, målsetjingar, det vere seg nære eller fjerne? Kva slag resultat gir hans framdriftsmåtar og tempo? Korleis vurderer han dei krefter han kjem til å møta i samspel eller motspel, dei skiftande alliansar som ofte byd seg fram i alle former for politikk? Kor godt meistrar han den pragmatismen, den mellomvegs-kunsten som ein knapt kjem utanom, dersom ein skal vera, som Jean Jaurès ein gong sa, «samstundes ein praktitar og ein filosof»? Kort sagt, kor vellukka er han som utøvar av «det muligens kunst»?

Frå Quisling for alvor gjekk aktivt inn i norsk politikk, tidleg på 1930-talet, levde han i eit parlamentarisk demokrati, som sjølv sagt hadde sine klare lyte, men endå var meir gjennomsynleg og mindre flokefyllt enn dei store, meir eller mindre folkestyrde land. Innanfor dette systemet kom Quisling, som polititar, fullstendig til kort. Han greidde ikkje å omforma systemet innanfrå, så han gjekk over til å prøva på å bryta det ned utanfrå, til slutt jamvel med stønad frå dei krefter som aller mest eggja til motstand, dei tyske politiske misjonærar med våpen i hand.

Dei store omstøytarane, Hitler og Mussolini, hadde spela på indre motsetningar, spenningar, frustrasjonar, dei manøvrerte mellom skjer og bølger til dei sjølv kunne rida toppane og meistra straum og vind. Lenger nede i makthierarkiet gjorde Pierre Laval det same i tyskokkupert Frankrike, så lenge det gjekk. Hjorts politikk våren 1940, og dei mest kollaborasjonsvillige mellom riksrådsforhandlarane den sommaren, kunne ha

opna liknande vegar, prøvt å spenna sterke, men rådvillige krefter for sine eigne vogner, som Terboven gjerne hadde sett at dei gjorde, slått inn på glidefluktvegen og vona på at dei kunne få reservert ein brukeleg teig av den politiske makta for seg sjølv. Dei kunne ha følgd Vichy-metoden, og avskaffa parlamentarismen med hjelp av parlamentariske teknikkar. For Quisling var dette like ille som den rotne «systempolitikken». Han gjorde ikkje teikn til å utnytta den alvorlege politiske tilpassingstendensen i 1940, også den vart ein fiende som måtte omstøytast utanfrå.

I det kommissariske råds tid var «den lange linje», den tolmødige landevinning, like framand for han. Men «den korte» kunne berre koma som ei gåve, eller i det minste som ein konsesjon, frå okkupasjonsmakta. Dermed var Quisling tjora til Terboven, som brukte og misbrakte han, like til den klare forneding, som i Eilifsen-saka, der Reichskommissar bruka Riisnæs og Lie som spett, og Quisling som vågmat. Men jamvel i dette politiske landskapet kunne det ha opna seg manøvreringsrom for den som måtte leita etter det. Generalsekretæren, Rolf Fuglesang, såg nok dette, mellom anna i sine direkte kontaktar med SS i Tyskland, men han var for trufast Quisling-lojal til å gå sine eigne vegar. Quisling heldt seg til den vesle flokk som han, halvt tilfeldig, hadde hamna i, politiserande tyske marineoffiserar og frilanspolititarar frå Rosenbergs stall. Hans politiske univers var folkesett med vener og/eller fiendar. I tur og orden vart dei tyske venene vippt ut over sidelina, og han stod meir og meir åleine. I slutfasen synest det som realitetssansen svikta på alvorleg og lagnadstung vis.

Var no dette eit produkt av ulukkelege tilhøve, vart han driven inn i blindgater slik at han uunngåeleg enda på den største motstands veg? For ein del hadde han sjølv valt vegen, ved å knyta seg einsidig til den tyske makt, slik at den åleine skulle lyfta han fram til reelt Fører-velde. Men det var dessutan eit grunndrag i hans politiske handlingsmønster. Slik arta det seg i hans tidlege kampar med. Det var god grorbotn for antiparlamentarisme, radikal systemkritikk, rovteltingspolitikk, her i landet kring 1930, og den som måtte makta å samla slike krefter bak seg, og konsolidera dei, kunne ha vorte ei politisk kraft av dei store.

Fedrelandslaget greidde det ei kort tid, og Hjort bar tanken med seg inn i 1940. I den lause krinsen om Quisling ved den tid fanst det mange slike straumdrag, men – bortsett frå Hjort – ingen hovdingemne. Der var ein ultrakonservativ «lov-og-orden»-tendens, i den autoritære meining av ordet («Mussolini fekk toget til å gå presis!»). Dit sokna somme høge offiserar. Der var ein parallell teknisk-praktisk tendens (demokratiet er tregt og tungrodd, sand i maskineriet, den faste hand må reinsa og olja!). Den er lett synleg hjå Hans S. Jacobsen til dømes. Der var ein litt luftig proletarromantisk dagdraum («når vi kommer til makta!») som fort fall ut or biletet, og Adolf S. Egeberg jr. med den. Der var ein uklår, men framfus handlingstrong («vær optimist! noe må gjøres!») som Walter Fyrst enno bar med seg då han vende attende til partiet i 1940 («for nå er det virkelig blitt farlig!»). Men framfor alt var det ein sterk understraum av mykje meir solid antiparlamentarisme, den norske variant av eit europeisk fenomen som i mange andre land gav grorbotn for proto-fascisme, og stundom for det som verre var. Her i landet fann den ingen førar med tilstrekkelege dimensjonar. Gulbrand Lunde slo seg til ro med å vinna nærpå halve Stavanger.

Likevel var det mange element frå dette straumdraget som graviterte mot Quisling. Korleis kan ein forklara det? Hadde han ei spesiell utstråling? Fleire av hans unge Sturm-und-Drang-sympatisørar frå tida før 1936 har fortalt om det, slike som seinare stod han hardt imot. Ja, han kunne leggja for dagen ei tildragingskraft som overlevde alt, og som til dømes heldt fast på ein framstående forskar som Gulbrand Lunde, eller den trufaste tenaren Rolf Jørgen Fuglesang. Men det var heller ikkje så reint få unge, på leiting etter eit politisk tempel å tena i, som bygde sine eigne framtidsvisjonar inn i Quislings forkynning, og seinare kom til å oppleve han som ein ny variant av Dale-Gudbrands gud. Skil forklaringa gjerast litt meir fullstendig, så må det vel leggjast til at han kunne vera såpass konturlaus og allmenn i sine formuleringar at han verka som ein brukeleg front for mangt og mykje, ja stundom synest denne hypotesen å by seg fram først. Hjort har knapt vore blind for det.

Var han ikkje likevel eit nytt avsnitt i eit langt kapittel om

antiparlamentariske tendensar, ein som førde vidare ei av dei lange liner i norsk historie? Det er mellom anna eit spørsmål om korleis ein plasserer nasjonalsosialisme etter tysk mønster i det norske partipolitiske og allmennpolitiske perspektivet. Dersom ein legg politiske straumdrag på rad langs den frå-venstre-til-høgre-streken – eller omvendt – som vi har arva etter den franske revolusjons språkbruk, og plasserer fascisme/nasjonalsosialisme lengst til høgre, i forlenging av den ultrakonservative høgreradikalismen, så kan det la seg hevda. Dersom ein ser dei same ekstreme straumdraga som eit åtak utanfrå på heile den politiske skipnaden som gav ramma for norsk politisk liv før 9. april, og hadde plass til både venstresosialistar og Fedrelandslag, ja for Nasjonal Samling som miniparti ved stortingsval, så vert Quislings maktøvertaking eit framandelement, eit stormåtak på heile systemet. Jamvel dei ytre-høgre-radikale vart fiendar som måtte overvinnast, dei tilhørde systempolitikken og burde falla med den.

Quisling var ein forkynnar, og ingen politisk handverkar. Det er ei ulempe i politisk arbeid. Han trudde fullt og fast at han kjende «historiens evige lover», og kunne nytta dei som rettesnor i sin politikk, men – som Sverre Hartmann har sagt - når hendingane gjekk han imot, «ble han fornærmet på Historien». Gode rådgjevarar og støttespelarar kunne vel ha bøtt på dette, men han var ikkje i stand til å byggja opp eit nært og intimt dagleg samarbeid med slike grupper, halda dei ved like og gi dei slagkraft. Han hadde ikkje evna til å «sitja i møte», gjennomdrøfta spørsmål som melde seg frå dag til dag, høyra råd, velja og vraka mellom moglege løysingar, gi etter når det trongst, og stramma til att når høvet baud seg. Quisling var ingen politisk laksefiskar.

Dersom ein meiner at intelligens særleg syner seg gjennom stor og mangslungen lærdom, formell utdanning på toppnivå, nær sagt altetande kunnskapstrong, så er Quisling langt oppe på norsktoppen for alle tider. Dersom ein legg større vekt på evna til å møte skiftande utfordringar, til å mobilisera kunnskap, innsikt og innføring, summen av alle sine ressursar, for å analysa og handla formålstenleg i nye og uvanlege situasjonar, så var Quisling temmeleg hjelpelaus. Han måtte ofte nøya seg med å forkynna korleis han meinte at ting burde vera, når han ikkje godtok dei slik

dei var. I ein heilt annan samanheng og på eit anna plan har Ingvar Moe ein gong skrive om ein som kom til jorda med altfor stutte bein – dei nådde aldri heilt ned.

Dette er den eine sida, den eine ytterkanten.

Sjølvsagt er der eit motstykke: hans visjon, hans framtdraum, «universismen» som var hans store tankebygg, hans tru på eit idealsamfunn som han var kalla til å skapa i sitt bilete. Skulle han, for å nå slike mål, driva politikk, i den meining han sjølv gjerne la i ordet, så ville det vera å forpøbla den gode sak. Han dyrka ein ide; han levde og døydde for den.

Men var ideen god?

For somme var – og er – Vidkun Quisling ein profet og ein helt, nettopp fordi han ikkje kunne gå på akkord, ein politisk Sven Dufva; han kunne ikkje vika, «blott falla kunde han». Andre vil kanskje senda ein tanke til Vinje, og til Lenda frå Land, som heller ikkje kunne snu, og som kom i skorfeste:

Å kvila på vegen gjev styrke i bein

og kan du, so bør du det gjera.

Men standa i fåren som stokken i stein,
det var fulla rådiaus å vera.

Terbovens eksil

Det var vanleg meining at utover hausten 1941 hadde partiet nådd ein styrke som Reichskommissar kunne vera nøgd med. Særleg meinte partileiinga at den som hadde direkte tilsyn, Gauleiter Wegener, no såg det slik at tida var inne til neste steg mot full NS-makt i det okkuperte området. Dette førde så til «statsakta på Akershus» 1. februar 1942, der Quisling vart utropt til «minister-president».

Her følgjer ei anna tolking. Den byggjer på det grunnsynet at statsakta, som dei fleste andre politiske avgjerder på høgt plan i den tida, var diktert av overordna tyske omsyn, og at det langt på veg var Reichskommissar som avgjorde kva som var i tysk interesse. Kunne så Terboven ha andre grunnar til å skapa nye posisjonar for Quisling?

Wegener har sjølv gjort greie for dette og framstilt det slik: I november 1941 tok Terboven opp spørsmålet om «norsk regjering». Grunnen var den at Terboven meinte han hadde sjansen til å koma attende til Tyskland, som han aller helst ville. Difor måtte det skaffast eit okkupasjonsstyre som kunne fungera vidare. Men Terboven ville ikkje ha Quisling som sjef for dette. Han hadde Hagelin i tankane som «regjerings sjef». Dette nekta Quisling plent å gå med på. Han sjølv, og ingen andre, skulle vera sjef. Dessutan måtte Reichskommissariat avviklast, og ein fredsavtale koma i stand. Han kunne ikkje regjera under ei tysk tilsynsmakt og ein krigstilstand som varde ved. Det vart sett opp to hemmelege dokument om dette, og i Berlin fekk Wegener prinsipielt samtykke, også frå Hitler.

Dessverre har han ikkje gjort greie for innhaldet i dei to dokumenta, så vi kjenner ikkje til detaljane. Men det går klart fram at etter Wegeners meining tok det heile til med at Terboven ville ha i stand ei meir permanent ordning, slik at han kunne venda attende til Tyskland.

Wegener er einaste førstehands kjelde til denne tolkinga. Men han var ein sentral person. Dessutan finst det andre opplysningar som peikar i same lei og som tyder sterkt på at tyske instansar samstundes var på utkikk etter løysingar utan NS og Quisling. Ved årsskiftet kom ein nordmann til fylkesmann Hans Julius Gabrielsen, som då sat arrestert i Møllergata 19. Vedkomande hadde spesielt løyve til å tala med han på tomannshand. Ærendet var å sondera terrenget. Kunne Gabrielsen tenkja seg å gå inn i eit nytt styringsorgan meir eller mindre etter mønster av Administrasjonsrådet? Opplysningane om dette er få og ufullstendige, men kjernen synest truverdig, og det er lite sannsynleg at slikt kunne skje utan i ei eller anna form for tysk regi.

Terboven hadde fleire slike prøveballongar oppe seinare, i varsam form, først og fremst gjennom sine «Herrenabende» på Skaugum (8. desember 1942 og 18. februar 1943). Andre, mindre direkte sonderingar kom gjennom dr. Ohm, hjå såpass prominente Quisling-motstandarar som Frede Castberg, Erik Solem og Einar Løchen i Oslo, og Asmund Soelseth, Marius Coucheron og Karsten Gaarder i Bergen. Sommaren 1942 var det òg ein del

liknande opptak, meir uklåre og kanskje mindre representative, fordi dei berre kan sporast attende til SIPO- og SD-folk, gjennom den omstridde Astrid Døvre Dollis. Men det synest på det reine at dei sikta på å få i stand ein misjon til London for å drøfta utsiktene til ei ny regjering i det okkuperte området. Det må vel då ha vore eit slag tanke til stades om at dette mogleg kunne skje i ei eller anna form for forståing med motstandskrinsar, og det tyder ikkje på realistisk politisk analyse.

Om årsakene til at ordninga ikkje kom i stand etter Quislings retningslinjer, sa Wegener lakonisk at det kom av vanskar som oppstod ved tilbakeslag på frontane. Dette siste stadfester ei tolking som lenge har vore vanleg, nemleg at Hitler frå årsskiftet 1941/42 vart gripen av uro for allierte storåtak mot norsk område, og difor ikkje ville ha eit ustabil og upopulært styre som kunne skapa indre uro her nord.

Det er vel òg mogleg at Terboven likevel ikkje var sedd på som ein god kandidat til store oppdrag i Tyskland. Han hadde ikkje hatt ei heilt lukkeleg hand med å løysa politiske problem i sitt Reichskommissariat. Han vart også kritisert frå SS-hald på litt andre premisser, fordi mange meinte at rekrutteringa til SS ville gå lettare om Terboven vart kalla tilbake – han verka berre som ein raud klut. Det vere som det vil. Terboven vart verande i Oslo, og måtte på ny velja reserveløysinga si, som i september 1940: Han arrangerte eit symbolsk opprykk for Quisling-styret, sytte for at han sjølv framleis sat med den verkelege makta, og let Quisling få bera påkjenningane ved den nye rolla han no skulle spela.

Det historiske perspektiv

Når det gjekk for gale, greip Terboven inn, til dømes i kyrkjestriden, for på det området hadde han både røynsler og råd frå Tyskland. Men han hadde ikkje greie på kva rolle norske lærarar tradisjonelt spela for det norske ideklimaet, eller den yrkesetikk dei kjende seg forplikta på.

Året 1942 vart eit politisk tabbeår både for Quisling og for Terboven, og før neste årsskifte var dei begge låst fast i sine politiske båsar, endå Terboven fleire gonger prøvde på å koma

heim til Riket att. Denne fastlåste fronten, med dei små og halvstore utfall inn i det politiske ingenmannsland, er karakteristisk for den tida som følgde, for midtfasen i krigen. Etter kvart vart konfliktane hardare, og kostnaden større, også i menneskeliv.

Det er slåande at okkupanten ofte kom til å velja den største motstands veg, og dermed stimulera opposisjonen, nettopp fordi politikken skulle utførast etter nasjonalsosialistisk tysk mønster, utan nemnande kjennskap til eller interesse for norske forhold. Eksperimenteringa med okkupasjonsregimet i april dagane synte at Berlin, dvs. Hitler, ikkje hadde teke mål av den norske regjering, og at han framleis overvurderte Quisling. Bräuer, som hadde orientert seg, gav andre og betre råd. Reichskommissariat var tenkt som ein gjennomgangs- og nyordningsmekanisme for ei overgangstid, etter tysk mønster frå 1933. Det vart altså eit mislukka eksperiment.

Dellbrügges parlamentariske forhandlingsteknikk var nær ved å få riksrådet i stand. Inngrep frå Berlin forpurra det, og eggja til vidare motstand. Det kom uventa, og syntest i første omgang nesten uforståeleg på tysk side, då organisasjonssamfunnet viste sin fulle styrke, og overtok etter dei raserte konstitusjonelle organa.

Dei indre maktbrytingane i Tyskland avspegla seg i det okkuperte norske området. Himmlers SS-ideologi forplanta seg inn i NS, kløyvde partiet og «den nasjonale regjering» og stimulerte den norske nasjonalsosialistiske separatismen. Formyndarskapen for dei norske kampfelagar gjekk stort sett etter formelen «bei uns in Deutschland macht man es so».

Med alt dette må det likevel seiast til slutt, og klårt understreka: Den norske eigenart og dei heimlege særmerke som i okkupasjonstida hadde sitt lagnadstunge møte med eit lite kjent og i mange stykke vesensframandt system av ideologi, stats- og samfunnsskipnad, var ingen einsarta eller definert eller ein alle stader nærverande storleik. Det er lenge sidan den tanken gjorde seg gjeldande at nasjonalt lynne og legning kunne samlast i enkle og eintydige formalar.

På dette området, som på dei fleste andre i okkupasjonstida, er det lite rådeleg å tenkja seg konstante og ubrigdelege faktorar. Det

er utviklinga, endringane, framvoksteren som gir tråden i skildringa av dei fem åra. Ei av hovudlinene er nettopp ein variant av det som i heilt andre samanhengar har vore kalla «oppvakning til medvit», «Bewusstseinsergreifen», ein ny sans for dei etiske og politiske verdiar som var innbygde i den ordninga nasjonalsosialismen etla seg til å utrydda, og som vart så berrsynte då dei ikkje lenger var til stades. Det var ein gjennomgripande prosess, og den fekk følgjer langt inn i ettertida.

I historisk perspektiv er eit halvt hundre år ei svært kort tid.

Kommentert bibliografi

Plassen tillet berre eit lite utval, så knapt at mange med god grunn kan sakna verdfulle ting. Bøker som står i litteraturlista, er ofte omtala berre med forfattarnamnet, medmindre forfattere har fleire titlar på lista.

Det har kome to store oversynsverk som tek sikte på å gi eit breitt utsyn over norsk historie under krig og okkupasjon, 1939-1945. Dei er ulike i opplegg og utføring.

Norges krig 1-3 kom like etter krigen (1947-1950). Hovudredaktøren, Sverre Steen, hadde òg lagt hovudplanen, både for emneval og disposisjon. Medarbeidarane skulle i prinsippet på ein eller annan måte ha medverka og medopplevt, dei var stort sett aktørar som skulle ta vare på den kunnskap dei sat inne med, medan hendingane enno var friske i minnet. Det seier seg sjølv at motstand, i sine mange former, var gjennomgangstemaet. Tysk okkupasjonspolitikkk og norsk nasjonalsosialisme låg enno i halv-mørke eller var oppstykkka i fragment. Mange av medarbeidarane var forskarar på ulike område og hadde ein kritisk metode og ein avstand til stoffet som ikkje var heilt vanleg på den tid. Somme av artiklane er oppførde særskilt i litteraturlista; alle er nyttige for den som leitar etter spesiell orientering. Magnus Jensen om skolestriden, Alf Sanengen om arbeidsmobiliseringa, Jens Chr. Hauge om sluttfasen til dømes, er framleis sentrale framstillingar. Den siste kom i nyttgåve 1970, med tittelen *Frigjøring*.

Ein dryg mannsalder seinare kom *Norge i krig 1-8*, med Magne Skodvin som hovudredaktør, på grunnlag av eit grundig forarbeid av hovudkonsulenten Bjarne Gran, som òg følgde opp gjennom heile utgivinga. Medarbeidarane var valde mellom yngre fagfolk som har arbeidd spesielt med denne perioden. Verket tek sikte på å